



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Byggmester Bjørn Rune Kvinge

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Nina Bakanova

Nordkvingo

Vår ref.

Telefon

5981 MASFJORDNES

2013/2338 - 0 -

18104/2013

Arkivkode:

193/8

Dato:

22.07.2013

*Deleget sak*

## **Dispensasjon og utsleppsløyve- Gbnr 193/8 Mundal øvre**

### **Vedtak 1**

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2, vert det gjeve dispensasjon frå pbl §11-6 (rettsvirkning av kommuneplanens arealdel) for etablering av nytt avlaup med biologisk minirenseanlegg på Gbnr 193/8.

### **Vedtak 2**

Med heimel i forskrift om begrensning av forurensning fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), kapittel 12 endra ved forskrift 15. desember 2005 nr 1691, vert det gjeve utsleppsløyve for 1 fritidsbustad på Gbnr 193/8 på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld utslepp frå typegodkjent, minirenseanlegg kl.1 og til 5 PE i samsvar med situasjonsplan, motteken 25.06.2013.
2. Avlaupet skal reinast med typegodkjent, preabrikert minirenseanlegg, før utslepp går gjennom tett rør til utsleppstad.
3. Plassering av minirenseanlegg skal koordinatførast og dokumenterast til Kommunen. Dette gjeld også stikkledning til minirenseanlegg og leidning frå minirenseanlegg og til utsleppspunkt.
4. Minirenseanlegg skal plasserast slik at den kan tømmast og vedlikehaldast av godkjent firma.

Det vert opplyst at eigar av utsleppsløyve er ansvarleg for eventuell forureining, jf. § 7 i Forureiningslova.

### **Vedtak 3**

Kommunen gjev løyve til etablering av minirenseanlegg på Gbnr 193/8 i samsvar med kart, teikningar og skildring, mottekne 25.06.2013, jf plan- og bygningslova §20-1.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Tiltaket må utførast etter teknisk krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.

## **Saksutgreiing/Vurdering**

Det er søkt om utslepp via minirenseanlegg kl.1 til resipient med kontinuerlig vassig på Gbnr 193/8 Mundal øvre.

Det er søkt om dispensasjon fra pbl §11-6(rettsvirkning av kommuneplanens arealdel) for etablering av nytt avlaup i LNF-område.

## **Ansvar og kontroll**

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	S	SØK 1 Ansvarleg søker
Haugland VVS AS	S	PRO 1 Avlaupsanlegg med minirenseanlegg UTF 1 Alle arbeidar med å etablere avlaupsanlegg med minirenseanlegg.

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

## **Sakshandsaming**

Handsaming av søknad om utslepp må skje både i forhold til plan- og bygningslova (pbl) og i forhold til forureiningsforskrifta.

Det er teke stode i denne saka til både søknad om utsleppsanlegg etter pbl § 20-1 og forureiningslova.

## **Nabovarsel/protest**

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3, og det er registrert merknader frå Sverre Solberg, eigar av Gbnr 193/4. Merknadene går i hovudsak på plassering av utsleppsanlegg (25 m lenger oppe mot syd-vest en den på situasjonsplan viste plassering).

Det er opplyst i kommentar til merknad av 25.06.2013 at anbefalte plassering er valt.

## **Reinsing**

Avløpsvatnet skal reinsast i samsvar med forskriftskrav.

## **Dispensasjonar**

Det er eit føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispenses frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal derfor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Det er søkt om dispensasjon fra pbl §11-6(rettsvirkning av kommuneplanens arealdel) for etablering av nytt avlaup i LNF-område.

Det vert vist til tiltakshaver sin dispensasjonssøknad i sin heilskap. Det er opplyst i søknaden at det i dag er avlaup for gråvatn utan reinsing og tørrklosett. Eit oppgradert anlegg med reinsing vert vesentleg betre for miljøet. Tiltakshaver ynskjer å etablere utsleppsanlegg slik at det tilfredstiller dagens krav.

Administrasjonen kan ikkje sjå at reglane bak byggeforbodet vert vesentleg sett til sides.

- Ut frå ei samla vurdering finn administrasjonen i dette konkrete høve å kunne gje administrativ dispensasjon som omsøkt.

## Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring

Skildring	Antall	Beløp
C.4.1 Dispensasjon frå ein enkel føresegn gitt i eller i medhald av Pbl		7.500,-
G.2.1a Utsleppsanlegg kalkulert til < 15PE		4.000,-
C.5.2j Oppføring av enkle VA-anlegg inntil 2 bueiningar		3.500,-
C.1.1 Bruk av kartbasis		500,-
Totalt gebyr å betala		15.500,-

Vedtaket kan pålagast til Kommunen jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker frå dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som pålagast (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Knut Bjørnevoll  
Rådgjevar  
Bygesak

Nina Bakanova  
sekretær

Kopi til:

Solberg Sverre                    Hopsdalvegen 67        5915    HJELMÅS  
Ellen Lorenee Svensen    Hopsdalsvegen 87        5915    HJELMÅS